

Frå Motvind Askøy

Til: Finansdepartementet v/Skattedirektoratet

Høyringsinnspel – Avgift på landbasert vindkraft – ref. 2021/1129 Askøy 2. august 2021

Me meiner me har rett til å uttala oss i denne saka. Det er førebels ikkje aktuelt med vindindustri i vår kommune, men det er konkrete planer i nabokommunen Øygarden som vil ha verknad for vår kommune, m.a. når det gjeld fuglereservatet på Herdla. Såleis vil skatte- og avgiftsreglane vera viktige og for oss.

1. Først vil me peika på **den særs udemokratiske måten** denne høyringa er gjennomført på. Ho vart offentleg 22. juni og høyringsfristen er tysdag 3. august, dvs. andre dag etter fellesferien. Dette gjer det umogeleg for kommunale og fylkeskommunale folkevalde organ å handsama saka. Det er så ein må spørja seg om det er dette som er meininga?

2. Me meiner at utbygging av vindindustri i Noreg ikkje er naudsynt. Energieffektivisering, oppgradering av vasskraftverk og auka vekt på t.d. etterisolering av bygninger vil kunna skaffa oss den energien me treng. Samstundes ser me at vindindustrien, som for det meste er eid av utanlandsk storkapital, fører med seg store og uopprettelege skader på natur og dyreliv. Motstanden mot utbygging er stendig aukande. Dette var truleg grunnen til at regjeringa la vekk Nasjonal ramme for vindkraft etter å ha fått meir enn 5000 høyrings svar, dei fleste negative.

3. Dei statlege overføringane til kommunane vert stendig mindre. Samstundes vert det tydelegare at overføringane vert brukt for å lokka kommunane til å (tvangs)gjennomføra regjeringa sin politikk. Dette skjedde i samband med kommunesamanslåing, og det skjer no med vindindustri. Avgifta vil tvinga kommunar med svak kommuneøkonomi til å seia ja til vindindustri dei ikkje ynskjer, og set store naturverdiar i fare.

Sett i samanheng med at staten styrer fagfolka hjå statsforvaltaren i desse sakene, og at verdien av natur og fauna ikkje ser ut til å telja stort, er me svært ottefull for kva resultat dette kan gje.

4. Me vil gå inn for ein slik avgiftsstruktur for vindkraft, og stør elles framlegget frå Motvind Norge:

- Det vert oppretta ei ny statleg avgift som skal gjelda for både nye og «gamle» vindkraftverk. Den skal nyttast til tiltak som energieffektivisering og oppgradering av gamle vasskraftverk, evt. også energiforskning
- Avgifta for vindkraft må vera lik det totale nivået for vasskraften. All subsidiering av vindkraft må ta slutt.

Styret for Motvind Askøy v/Sigrid Monsen Alvestad, adr. sigalvestad@hotmail.com